



Tilsynsutvalet i Hordaland

Kjell Ove Aanensen
Midnes,
Ullensvangvegen 275
5781 LOFTHUS

Kinsarvik, 26.02.2018

Avslag på søknad om køyring med snøskuter til Fodnastøl.

Viser til søknad av 17.02.2018 der du søker om løyve til å køyre 3 turar/retur med snøskuter frå Røte- til Fodnastøl for transport av proviant, ved og anna, totalt 500 kg.

Du er ein av grunneigarane i felleseiga i Fodnastøl, men har pr i dag ikkje ståande bu eller hytte på stølen. Transporten skal gå til ein nabo si hytte, som du skal nytta.

Tilsynsutvalet i Hordaland handsama søknaden i møte 22.02.2018 og gav avslag på søknaden din.

Avslaget er gjeve fordi eigar av hytta du skal nytta har fått løyve til transport av materialer, ved, proviant og anna til denne hytta, og det er berre eigar eller leigetakar som kan få løyve til dette, ikkje begge samstundes.

Det er sjølvsagt ikkje noko i veien for at du kan vera førar på det løyvet.

Dette vedtaket kan påklagast innan 3 veker frå det er motteke. Eventuell klage må grunngjevast og skal framsetjast i skriftleg form. Klagen skal stilast til Miljødirektoratet, men sendast til det tilsynsutvalet som har handsama søknaden.

Med helsing
Tilsynsutvalet i Hordaland

Anne Gerd Nysveen
Sekretær